



Torbjørn (t.v.) og Kristian(nr.4 f.v.) gjorde det sterkt i Åkraløpet. Her jublar dei saman med laget etter flott innsats i Trio-stafetten.

I går vart Åkra-løpet arrangert for 25. gong. Blant dei 188 deltakarane, 43 i konkurranseklassen og 145 i trimklassen, var det også nokre frå Uskedalen. I konkurranseklassen deltok dei to 11-åringane Kristian Øvstebø og Torbjørn Haugland, og dei imponerte stort mot mykje ekdre konkurrentar i klasse 11-16 år.

Løypa går vekselvis på grus og asfalt og vert karakterisert som ganske kupert med mykje stigning den første kilometeren. Løypa er 3,2 km. Løpet vart i år arrangert for 25. gong, og det har alltid vorte avvikla på pinseaftan.

Dei to 11-åringane frå Uskedalen konkurrerte altså med gutar heilt opp til 16 år i ein klasse med mange deltakarar. Kristian Øvstebø imponerte stort då han kom i mål heilt oppe på 4.plass med sluttida 13.24 berre vel eit minutt etter vinnaren. Torbjørn Haugland sprang også godt. Han vart 10. Begge slo Arbeidarpartiet sin sporty ordførarkandidat, Johnny Håvik, klart!

Blant damene imponerte utflytt uskedeling Marit Elise Haugland som no bur i Sandnes. Ho deltok i klasse 45-49 år, og fekk nest beste tid av alle damene då ho kom i mål på 14.54. Ho var 27 sekund bak beste dameløpar som var Kristine Tveit frå Matre IL.

Blant mennene vart det sett ny rekord. Det sytte skiskyttaren Martin Femsteinvik frå Hatlestrand for då han kom i mål på 10.08 etter ein duell med Vegard Årthun Bergane som var 4 s bak.

I trimklassen deltok Katrine, Andre og Jan Øvstebø.

Meir om løpet, fleire bilete og komplett resultatliste finn de [i Kondis](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland